

# **Møtebok 1- 24 for Moster sokneråd**

## **tysdag 16.januar**

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Elisabeth Jacobsen, Solveig Eikeland, Aksel Lygre, Elisabeth Gjørøther Løkling, Arthur Anglevik

Klokka 19.30 kom Rune Sivertsen og overtok som leiar.

### **Sak 1 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 12.12.2023 og innkalling**

**Vedtak:** Møtebok og innkalling vert godkjent med tillegg av 3 saker under ymse.

### **Sak 2 – 2024 Oppfølging av tidlegare saker**

#### **\*Barnekroken -kvar står saka?**

Gunnvald orienterar. AU føreslår at fellesrådet og soknerådet kvar legg inn 2 500,-

**Vedtak:** Utgiftene vert delt mellom sokneråd og fellesråd. Dugnadstimar går til fråtrekk frå soknerådet sin del.

#### **\*Kort evaluering av julekonsert og gudstenester i jula**

- medlemmene opplevde at det var ein fin julekonsert og fine gudstjenester som var godt besøkte.

- vipps nummer bør komme opp samstundes som ein orienterer om dette.

#### **\*Utsifting av teknisk utstyr. Kvar står saka?**

Aksel orienterar: Utstyret me har i dag er lovleg. Me treng ein ny «mygg». Skal me investere i dette no eller vente til me kan kjøpe alt utstyret nytt?

**Vedtak:** Soknerådet kjøper ein ny «mygg». Halfdan Endresen får ansvar for dette, Aksel ber han om dette.

#### **\*Utbetring/sifting av vindauga m.m. Kvar står saka?**

Rune orienterar: Kyrkjevevje har vore på synfaring saman med representant frå Bjørgvin bispedømmeråd og handverkarar. Dei såg på vindauga og dørar. Saka vert følgt opp av fellesrådet.

**\*Registrering av nytt sokneråd og overføring av mynde til ny kasserar.**

**Kvar står saka?**

Registrering av nytt sokneråd er gjort.

Overføring av mynde til ny kasserer er gjort.

**Vedtak:** Kasserer må få nøkkel til Moster kyrkje. Kasserer får eit minibankkort knytt til soknerådet sin brukskonto. Leiar får tilgang til nettbanken.

**\*Folk utanom soknerådet til ulike komitear.**

Me kjem med forslag til namn, og fordeler kven som spør kven.

**Vedtak:**

Marta Havn blir bedt om å spørja dei me har på lista til TOL.

Aksel blir bedt om å spørja dei me har på lista til diakoniutvalet.

**\*Invitasjonar til orgelinnviing + konsertar.**

Lista og invitasjon til orgelinnviing er klar.

**\*Gjesteliste til jubileumsfeiringa – konkretisering.**

Gunnvald orienterte

**Sak 3 – 2024 Møte med tilsette og frivillige 13.februar.**

Kva bør vera på agendaen? Korleis ordnar me servering?

**Vedtak:**

Agenda: takk, andakt v /Aksel, evaluering og idémyldring

Meny: heimelaga koldtbord, dei som har oppgåver får eiga liste

**Sak 4 – 2024 Årsmøte og årsmelding**

Me går gjennom årsmeldinga slik den ser ut så langt. Blant anna ser me gjennom liste for mål og prioriteringar. Årsmeldinga må vera klar i februar, med tanke på årsmøte 21.mars.

**Vedtak:** Årsmeldinga er gjennomgått og det er gjort nokre endringar i. Den vert arbeid vidare med fram mot neste møte.

**Sak 5 – 2024 Kontaktperson for transport og overnatting i samband med 1000-årsmarkeringa**

**Vedtak:** Soknerådet bed Hans Magne spørja dei personane som er føreslått.

**Sak 6 – 2024 Samrådsmøte med bedehusa 23.januar.**

**Vedtak:** Soknerådet legg fram gudstenesteliste for hausten, og spør om å få leiga Salem 1.s.advent.

**Sak 7 – 2024 Har me gode kandidatar til klokkarstillinga?**

**Vedtak:** Hans Magne og Aksel spør personane på lista.

**Sak 8 – 2024 Kva komité/utval skal inviterast til soknerådsmøtet i april?**

**Vedtak:** Diakoniutvalet vert invitert.

**Sak 9 – 2024 Referat og meldingar**

**Programkomite for 150-årsfeiringa – program fyrste halvår og andre halvår. PR.**

Aksel delte ut program for første halvår.

**Orgelkomiteen.**

Gunnvald orienterte. Bør fellesrådet oppnemna to nye representantar eller skal soknerådet overta oppgåvene for resten av perioden? Soknerådet ser det som ønskjeleg at dei to representantane fortset.

**Trusopplæringsutvalet.**

Ikkje møte

**Kyrkjemusikalsk utval.**

Ikkje møte

**Diakoniutvalet.**

Ikkje noko å melde

**Estlandskomiteen.**

Ikkje møte

**Felleskristen komité 1000 år.**

Aksel informerte kort

**Fellesråd og administrasjon.**

Ikkje noko å melde

**Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.**

Ikkje noko å melde

**Sak 10 – 2024 Brukerundersøking, 4 årsbok**

I samband med utdeling av 4 – års boka møtte kun eit barn.

**Vedtak:** Soknerådet ber dei tilsette undersøke kva som har skjedd.

**Sak 11 – 2024 Målsetting med som eiga sak på kvart møte**

**Vedtak:** Soknerådet går gjennom deler av målsettingane på kvart møte slik at det vert ei rullering gjennom året.